# Lesekroken: Finn ordet når du har forklaringa

Jobb med ein tekst om flyktningleirar og la elevane oppdage korleis dei kan finne ordforklaringer i teksten.

Artikkel med tittel Flyktningleirar er ei dårleg løysing

Opplegget er laga til ein artikkel i Nysgjerrigper nr. 3-2021.

Last ned materiellet til utskrift:

- Lærarrettleiing og oppgåver (PDF)
- Artikkelen "Flyktningleirar er ei dårleg løysing" (PDF) frå Nysgjerrigper 3-2021 som kjem ut i veke 36.

## Lærarrettleiing

I artikkelen om flyktningleirar er det mange fagomgrep eller andre ord som ikkje er vanlege i daglegtale. For å forstå poenget i artikkelen er det naudsynt å skjønne desse orda. Heldigvis er artikkelen skriven slik at han gir mykje hjelp til å forstå orda. Nokre gongar er forklaringa i setninga før eller etterpå, som *på flukt*:

> Krigar og konfliktar gjer at folk må flytte på seg. Mange *på flukt* endar opp i flyktningleirar.

Ein kan forklare med eigne ord:

> Å vere *på flukt* er å måtte flytte fordi det er krig der ein eigentleg bur.

Jobb med elevane så dei sjølv kan oppdage korleis ordet, eller her uttrykket *på flukt*, er forklart i artikkelen, men også korleis ein kan forklare med eigne ord. Sjå om de saman kan finne ei forklaring som gjer at alle i klassen synest forklaringa er tydeleg.

I oppgåva til elevane skal dei sjølv finne kor ordet er forklart, og lage ei eiga forklaring. Orda er ikkje skrivne i same rekkjefølgje som i artikkelen. Det er for å gjere elevane meir aktive i leitearbeidet.

I mange av tilfella står ordet forklarte i same setning som fagordet, som flyktningleir i eksempelet under:

> I *flyktningleirar* bur det folk som har måtta rømme heimanfrå på grunn av krig og konflikt.

*Menneskerettar* er forklart i eit nytt avsnitt etter at ordet er skrive fyrste gong. Det er litt vanskelegare å få auge på forklaringa. Kva rettar tyder, kjem ikkje fram. Forfattaren reknar då med at elevane kan det ordet frå før.

> Maja ville undersøke om *menneskerettane* blir følgde i flyktningleirane.

> *Menneskerettane* består av 30 rettar. Dei skal gjelde for alle menneske.

*Feltarbeid* er også forklart i setninga etterpå, men er ikkje så tydeleg skrive.

> For å finne ut av det drog Maja på *feltarbeid*. Ho drog til ulike flyktningleirar for å sjå og høyre korleis leirane fungerte.

## Oppgåver til elevane

(Last ned materiellet øvst på sida for å skrive ut oppgåvene.)

### 1. Finn kor forklaringa på orda under står i artikkelen. Skriv ei eiga forklaring på ordet etterpå.

a. Flyktningleir

b. Feltarbeid

c. Menneskerettar

### 2. Detektivlesing

a. Korleis kan flyktningleirar sjå ut?

b. Kva tyder det at flyktningleirar er ei «behageleg løysing»?

c. Kva trur de barn kan gjere i flyktningleirar?

### 3. Lag ei teikning

Forskaren Maja og FN meiner flyktningleirar ikkje er noka bra løysing for folk som må flykte frå heimstaden sin.

Lag ei teikning eller skriv kva du trur hadde vore ei betre løysing for folk som ikkje kan bu heime lenger, fordi staden ikkje er trygg for dei. Send gjerne teikninga til Nysgjerrigper!

Av Tuva Bjørkvold | Publisert 02.09.2021

Last ned | Del

Meldinger ved utskriftstidspunkt 20. mai 2022, 12.36 CEST

Det ble ikke vist noen globale meldinger eller andre viktige meldinger da dette dokumentet ble skrevet ut.